

**Universitetet i Stavanger  
Utdanningsutvalet**

**MØTEBOK FRÅ UTDANNINGSUTVALET**

Tysdag 16. mars 2010  
Rom AR T-401 Styrerommet  
Kl 08.00-10.00

**Til stade:**

Egil Gabrielsen (leiar)  
Per A. Amundsen (sak 16 – 17)  
Kathe-Mari S. Hansen  
Jorunn Melberg  
Aasny Omdal (vara for Espen Skjoldal)  
Leidulf Øvrebø  
Gunnar Dyrseth (vara for Lene Lithun)

**Meldt forfall:**

Aud Ellingsen  
Ingunn Aase

**Observatør:**

Marianne Simonsen

**Frå administrasjonen:**

Kristofer Henrichsen  
Marit Cecilie Farsund  
Eilef J. Gard  
Aslaug L. Risbakken

**UU 10/10 Godkjenning av innkalling**

**Vedtak:** Innkallinga vart godkjent med fylgjande merknad: Vedlegg (styresak) i sak 16 låg ikkje ved innkallinga.

**UU 11/10 Godkjenning av møtebok frå 27. januar 2010**

**Vedtak:** Møtebok frå Utdanningsutvalet 27. januar 2010 vart godkjent.

**UU 12/10 Arbeidet i Utdanningsutvalet**

Sak til drøfting i utvalet.

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om endringar som er gjort i saksframlegget til styret. I sakshandsaminga etter at saka var oppe i Utdanningsutvalet 27. januar er det gjort

framlegg om at prodekanane for undervisning vert faste medlemmer frå neste valperiode og at dei møter i utvalet med talerett f.o.m. neste møte. Dette er grunngeve i ynskje frå universitetsdirektøren om ei samansetjing som i større grad samsvarar med linjeleiinga i organisasjonen. I framlegget er representantane for det vitenskaplege personalet redusert frå tre til to. Vidare er det framlegg om at leiar for Enhet for studentservice møter med talerett.

Utdanningsutvalet støttar framlegget til samansetjing slik det vert lagt fram for styret. Når representantane for det vitenskaplege personalet er redusert til to vil Utdanningsutvalet tilrå at representanten for det teknisk-administrative personalet kjem frå det fakultetet som ikkje er representert ved vitenskapleg tilsette.

Utdanningsutvalet ber utdanningsdirektøren ta merknadane frå utvalet til etterretning.

### **UU 13/10    Universitetspedagogikk**

Sak til orientering og drøfting i utvalet.

Brit Hanssen, medlem i Uniped-gruppa, var invitert til saka.

Eilef Gard og Brit Hanssen orienterte.

Frå orienteringa: Uniped-arbeidet har etablert seg ved UiS. Ei primær oppgåve er å tilby basiskurset på 100 timar, men ein ser også behov for andre tiltak og tilbod. Eit døme er støtte til nyttilsette, ut frå erfaringar med veiledning av nyutdanna lærarar. Uniped vil også tilby ulike småkurs. Alle tilsette har behov for kompetanseheving.

Utdanningsutvalet ga støtte til arbeidet med Uniped og utfordra gruppa til å gjera arbeidet meir synleg i institusjonen, t.d. ved institutta. Utvalet gav også Uniped-gruppa råd om å oppretta kontaktpersonar ved institutta for betre å kunna spreia informasjon og tiltak i fagmiljøa.

### **UU 14/10    Utdanningsutvalgets rolle i Balansert omstilling for utvikling**

Utdanningsdirektøren innleia. Denne saka er eit innspel til utvalet og ei orientering. Bofu-prosjektet går til 2012 og ei førebels tilbakemelding til styret skal skje i juni 2010.

Utdanningsutvalet drøfta saka og hadde fylgjande kommentarar:

- Reduksjon i ressursbruk som fylgje av Bofu-prosessen skal ikkje gå ut over aktivitetar som er styrde av lover og forskrifter, som t.d. tal på forsøk studentar har krav på til eksamen.
- Bofu-prosessen må sjåast i samanheng med innføringa av kvalifikasjonsrammeverket og arbeidet med studieplanutvikling.
- Utdanningsutvalet ber om ei orientering om ressursbruk i samband med eksamensaktivitetar til neste møte.

## **UU 15/10      Arbeid med implementering av kvalifikasjonsrammeverket**

Eilef Gard orienterte om saka med serleg vekt på seminaret om Bologna, kvalifikasjonsrammeverket og UiS, som vart arrangert 10. mars. Utvalets medlemmer som hadde hatt høve til å ta del i seminaret ga ros til arrangementet.

**Vedtak:** Utdanningsutvalet takkar for orienteringa om arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket og ber om å verta halde orientert om den vidare framdrifta.

## **UU 16/10      Endring av forskrift om eksamen ved Universitetet i Stavanger**

Sak til orientering og drøfting.

Sak til styret, som var vedlegg i saken i Utdanningsutvalget, ble lagt fram i møtet (se sak 10/10).

Utdanningsdirektøren innledet og gjorde rede for endringsforslagene.


Utvalget ga sin tilslutning til endringene på de aller fleste punkter, men uttrykte skepsis til bestemmelsen under §5: "Det kan ikke gis anledning til å avlegge eksamen under permisjonstiden".

## **UU 17/10      Orienteringssaker**

- Munnleg orientering om arbeidet med ny grunnskolelærerutdanning ved Birgitte Tysdal frå Institutt for allmennlærerutdanning og spesialpedagogikk.
- Skriftleg orientering om nytt emne i RLE, 10 studiepoeng.

Tatt til orientering.

Det var ingen saker under eventuelt.



Egil Gabrielsen  
Prorektor



Kristofer Henrichsen  
Utdanningsdirektør